



Gjestebod

Medverknad – regional plan for klima 2022-2035

Medverknad

I samband med utarbeiding av ny regional plan for klima sin medverknadsprosess blei det gjennomført gjestebod rundt i fylket, for å prøve ut nye metodar for å få innbyggjarane i fylket med. Dette dokumentet inneheld ei samling av innkomne innspel.

Gjestebod er ein metode for å få innspel frå innbyggjarane som ikkje vanlegvis stiller på folkemøte eller skriv høyringsuttalar. Det er eit høve for alle å kome med direkte innspel til Vestland sin fyrste regionale klimaplan! Det er viktig for oss å lage ein god plan, som befolkninga i Vestland kjenner seg att i, og som vil bidra til eit meir robust og klimavenleg vestlandssamfunn. 9 gjestebodsvertar meldte seg og det kom inn 12 skriftelege innspel.

Inviter – arranger – send inn

Ein gjestebodsvert er ein som inviterer andre til å sitte saman for å snakke om eit tema. Vi ynskjer at de snakkar om klima, og om klimaomstilling av Vestland. Grappa som snakkar saman kan vere vener, familie, kollegaer eller naboar. Å arrangere gjestebod kan gjerast på mange måtar. De kan møtast heime hjå deg sjølv, digitalt, rusle ein tur, de kan treffast på ein kafé, på jobben eller eit lagsmøte. Gjestebodet består normalt av 3-6 deltakarar.

Gjestebodsvertane fekk tilsendt eit eige informasjonsskriv, samt skjema for innspel med spørsmål for diskusjon.

I Vestland 2035 er det enkelt å leve eit berekraftig liv. Føregangsfylket Vestland har innfridd. Det har vist seg rett å auke ambisjonane i samband med Vestland fylkes sin fyrste regionale klimaplan, som blei vedteken i 2022, sjølv om det var krevjande å få dette politisk gjennomført.

(Postkort frå framtida – frå 2035 til 2022)

1) Postkort frå framtida – framtidsvisjon. Skriv eit postkort frå framtida. Vi er i Vestland i 2035. Kan de skildre korleis det er å bu i Vestland då? Kva er vi gode på og korleis er dette nullutsleppssamfunnet?

- Frisk luft og smale vegar. Det ser ut slik som det gjorde i 2020.
- Vi er gode på å bruke kollektivtransport eller miljøvenlege alternativ
- Kraftverka vert oppdatert
- Alle køyretøy går på straum og blir laga på ein rein måte
- Godt utbygd kollektivtilbod med innfartsparkering slik at ein kan ta buss/båt inn mot regionsenter eller Bergen.
- Buss og bane er bygd vidare ut frå Bergen mot Nordhordland og Askøy, Sotra
- Utsleppsfrie snøggbåtar trafikkerer fjordane. Dette redusera tal bussar på vegnettet
- Vindkraft er etablert der det er behov for energi, eks. Mongstad, Sløvåg, Kollsnes.
- Vindkraft på asfalt gjer at verdifull natur kan sparast og det er mogleg å bli arealnøytrale.
- Alle bussar er elektriske alt i 2025.
- Intuitivt langt meir nærliggande å gjere berekraftige val, både for innbyggjarar, næringsliv og tilreisande.
- Elektrifiseringa har vore eksponentiell, og det same har det vore med utbygging av grøn ladestruktur.
- Omvelting gjennom «oppdatering» alle i Vestland har vore gjennom, kunnskaps- og informasjonsmessig og tilrettelegging for eit berekraftig kvardagsliv.
- Samarbeid og koordinering har vore viktig for å lukkast.
- Kommunar og fylkeskommunen har tatt klimaaktørrolla på alvor, som positive pådrivarar, myndigheitsutøvarar, tenesteleverandørar og innkjøparar, samt eigar og driftar – avgjerande.
- Nullutsleppssamfunnet må ta sikte på å vere noko meir enn vidare økonomisk vekst gjennom bruk av fornybare energikjelder. Det berekraftige samfunnet i 2035 inkluderer endra verdiar, der livskvalitet vert sett framfor levestandard.
- Nye styringsverktøy vert utvikla
- Kunnskap om artsmangfald er auka, og ivaretaking av det er lov- og planfesta.
- Enkeltmenneske prioriterer å dyrke andre verdiar enn dei materielle.
- Vanleg å vere veganar eller ete hovudsakeleg plantebasert.
- Det er nesten ingen ryddeaksjonar meir då Vestland er fri for marin forsøpling.
- Bergen sentrum er bilfritt, det er sykkelveggar overalt og dei mindre

tettstadane i Vestland har godt kollektivtilbod.

- Hordfast skjedde aldri, då vi ikkje bygge ned meir natur
- Born lærer om berekraftige liv i ung alder på skulen
- Torgallmenningen er ein grøn oase.
- Møteplassar, gammal som ung, innandørs og utandørs.
- Vi ivaretek naturen, og ingen store endringar er gjort sidan 2022. Den er viktig og har stor eigenverdi.

- Offentlege bygg og industri er klimapositiv
- Vi set stor pris på lokalprodusert mat.
- Sirkulærtankegangen er så integrert at ordet «boss» er bytt med «ressurs».
- Delingsøkonomien har blitt mykje meir vanleg og deling eller utleige av reiskap, bil og utstyr osv. er vanleg.
- Uteskule og utebarnehage er vanleg.
- Folk kjøper kvalitetsprodukt som varer.
- Prisane kan gå opp, men folk kjøper lokalproduserte varer for å redusere transport.

2) Kva grep har vi gjort for å lukkast med å nå denne 2035-visjonen? Kva har vi fått til sidan 2022?

- Slutta å bruke olje
- Meir landbruk
- Vi har fokusert meir på å finne reine løysingar
- Vi har tatt miljøbevisste val
- Stengt all olje
- Politisk vilje til å gjennomføre tiltaka som trengs for å skifte retning på klima- og miljøpolitikken. Tøffe politikarar som vågar.
- Vi må «snu skuta» fort.
- Tilrettelegging for ein berekraftig kvardag i stort og smått har vore sentralt for å lukkast.
- Når vi endrar språket, endrar vi også oss. Menneska må vere ein integrert del av naturen, ikkje noko vi kan «stå på utsida av».
- Natur kan ikkje vere ein kostnadspost, men utgangspunktet for eit økonomisk perspektiv der berekraft, sirkulær og økologisk økonomi er grunnlag for naudsynte haldnings- og handlingsendringar.
- Forbruket må endrast – Sirkulær- og delingsøkonomi må nyttast. Vi må forvalte, låne og levere tilbake.
- Vi tek vare på det vi har og reparasjonar over tid er den nye normalen.
- Gjenbruk og 3D-printing brer seg, og nye merke- og sertifiseringsordningar har forenkla dette. Det vert lettare, ikkje berre «rettare».
- Klimafotavtrykk vert ein naturlege del å inkludere i planlegging og prosjektering, både i store og små tiltak.
- Det vert eit konkurransefortrinn for tiltakshavar å levere mest mogeleg berekraftig «pakke».
- Berekraftskompetanse er naudsynt både hjå bestillar og tilbydar
- Lettare å ta berekraftige val som følgje av godt opparbeidd datagrunnlag og utstrekt deling av informasjon, både gjennom digitale løysingar og generelt meir tverrfagleg arbeid.
- Oppretta natur i byen. Bynære elvar og vassdrag vert restaurert. Det same vert sentrumsnære grøntområde.
- Energiomstillinga føregår på ein måte som sikrar intakte økosystem, biologisk mangfald, landskapsøkologi og geologisk mangfald for framtida.

- Energiproduksjonsteknologisar med minst mogeleg skadelege konsekvensar for samfunn og natur skal vere førsteval.
- Mål for samfunnsutvikling tek inn økologiske parameter på lik linje med økonomiske
- Subsidiar vert skifta frå dyreproduksjon til frukt- og grønnsaksproduksjon.
- Vi tenkjer om denne avgjersla påverkar klimakrisa som vi har erklært at vi er i.
- Byggeprosjekt er klimanøytrale eller klimapositive.
- Meir handling, mindre snakka.

- 12 år med politisk vilje og engasjement gir resultat.
- Mindre motstand og polarisering fordi innbyggjarane sjølv har valt vegen mot eit berekraftig samfunn.
- Det er enkelt og attraktivt å ta klimavenlege val
- Ein blir belønna, ikkje straffa, for gode val.

3) Regional plan for klima har tre hovudområde vi skal dekke; utsleppsreduksjon, tilpassing til eit klima i endring og å sikre naturmangfaldet i regionen. For å lukkast med ei klimaomstilling har vi valt ut nokre tema for planen. Vil lurer på kva de meiner er viktig at vi prioriterer å jobbe med innan kvart av dei. De kan sette opp stikkord for kva de syns er viktig og kvifor. Det er ikkje naudsynt å ha innspel på alle tema.

Fjerne direkte klimagassutslepp

(direkte utslepp er dei utsleppa som skjer innanfor Vestland sine geografiske grenser, eks. klimagassutsleppa som kjem frå bilen din når du køyrer den i Vestland)

Transport:

- Elektriske bilar og rettare vegar
- Fleire kollektive reisetilbod
- Berekraftige køyretøy
- Betre busstilbod
- Miljøvenleg drivstoff
- Redusert behov for eigen køyretøy
- Samkøyringsplanar
- Mindre bilar
- Fleire utleigeordningar for klimavenleg transport
- Forbod mot sal av fossile køyretøy
- Elektriske taubåtar som losar cruise-skip i fjordane
- Ladeinfrastruktur for køyretøy og båt/skip
- Utsleppsfrie snøggåtar tek større del av kollektivtransporten enn i dag
- Innfartsparkering i alle regionsenter
- Fortette etter vedteken senterstruktur, og samstundes busette seg i bygdene/distrikta
- Bygge sykkelveggar
- Auka bruk av heimekontor
- Lage plan for nedtrapping av flytrafikken mellom Oslo og Bergen.
- Bilfrie sentrum
- Kollektivtilbodet er 100 % ferdig utvikla til å vere godt tilgjengeleg og miljøvenleg.
- Mindre cruisetrafikk.

- Fokus på «sakte-reising», eit framtidretta reiseliv som er meir lokalbasert og der ein blir lenger.

- Må skilje mellom veldig grisgrendte strøk og meir tettbygde når ein planlegg kollektivtransport.

Energieffektivisering og energisparing

- Oppgradere vasskraftverk
- Energieffektive hus
- Kople hus saman for varmedeling
- Støtte til etterisolering av eldre hus og bygge nye miljøvenlege hus.
- Automatisk straumstyring
- Mindre eksport av vasskraft
- Enklare å gjennomføre ENØK-tiltak i eksisterande bygningsmasse.
- Tilrettelegging for bygging av passivhus
- Fjerne energibruk som ikkje er naudsynt, eks. gate-veglys og tunnellys
- Sette konkrete mål for energieffektivisering og auka energiutnytting i alle sektorar, som brytast ned i årlege mål.
- Innføre effektive støtteordningar som fremjar energisparing, energieffektivisering og raskare utfasing av fossil energi, og

- verkemiddel som gjer det meir attraktivt å utnytte energien effektivt
- Sikre at all samfunnsplanlegging legg til rette for eit lågare energiforbruk
- Det er ikkje meir oljeproduksjon av/frå Noreg.
- Folk går og sykklar meir
- Bygningar (både nye og gamle) er betre isolert.
- Meir vegansk matproduksjon som krev mindre ressursar enn standard 2022-mat
- Krav om reintbrennande vedomnar
- Oppgradering kontra nybygg av eksisterande vasskraftverk

Klimavenleg landbruk

- Elektrisk traktor
- Kutte ut kunstgjødsel
- Landbruksmaskiner drive av metangass
- Kaste mindre mat
- Ta i bruk eldre teknologi som ikkje forureinar; bruk av hest, metangass-utvinning av møkk, økologisk jord- og skogbruk
- Toll på utanlandske varer
- Alternativ for fossile brennstoff
- Få kontroll på spreinga av landbruksplast
- Redusere eller hindre spreieing av naturgjødsel/gjødsel i vassdrag
- Skjerpa krav mtp. Spreieareal

- Fleire andelslandbruk – både som sosial læringsarena og berekraftig dyrking.
- Urbant landbruk
- Karbonlagring i jord
- Satsing på lokale leveransar og marknad
- Ingen matproduksjon av dyr
- Ingen lakseoppdrett eller andre fiskar
- Mykje planteproduksjon, både på gardar og meir urban planting. Dette kan også gjere byar grønarare.
- Folk er sjølvforsynt på grønsaker – det reduserer utslepp knytt til kjøp av mat på butikken.
- Hjelp bøndar til berekraftig og miljøvenleg drift

- Stoppe storfeproduksjon og redusere produksjon av kjøtt, ost og mjølk)

Berekraftig og grøn næringsutvikling

- Smart-teknologi og IT-verksemder
- Produksjon av fornybar kraft
- Støtte bøndene i Vestland
- Bygge kraftverk som ikkje er synlege
- Sikraste gode vilkår slik at det er attraktivt å satse på berekraftige og grønne næringar.
- Fortgang i forsterking og utbygging av straumnettet
- Viktig å etterspørje berekraftige varer og tenester, bygningar og drift av desse. Det offentlege kan vere ei aktiv kraft i å skape marknad og etterspurnad.
- Tørre å tenkje null-vekst, bruke fornybar energi til produksjon som verda verkeleg treng.
- Unngå subsidiar til energikrevjande produkt det er usikker etterspurnad etter.
- Overordna planlegging av «grøn industri» i Vestland må inkluderer konsekvensar for kraftproduksjon og nye store areal og naturinngrep.
- Knytt til gruvedrift må forbod mot deponi, lagruing av gruveavfall til havs innførast.
- Vestland bør legge opp til utsleppsfrie fjordar i samband med cruiseturisme.
- Alle verksemder går etter veganske prinsipp og produserer kun varer som er miljøvenlege. Det betyr då at uansett kva du som individ kjøper så er det eit godt valg. Eks. «fast fashion» eksisterer ikkje lenger.
- Sirkulærøkonomi og nettverk/samarbeid mellom ulike næringar og aktørar som høgskule, forskning osv for å finne gode løysingar og dele kunnskap.
- Jobbe heimanfrå
- Utvikle grønne teknologiar

Redusere klimafotavtrykket til Vestland

(Korleis redusere utslepp som følge av vårt forbruk knytt til varer og tenester? Dette inkluderer indirekte klimagassutslepp, utslepp som høyrer til produksjonen og frakta av ei vare eller teneste vi importerer til Vestland. Stikkord: sirkulærøkonomi, berekraftig forbruk, deleordningar, gjenbruk/ombruk, redusere matsvinn og redusere overforbruk av ressursar):

- Elektrifisering
- Desentralisering
- Fleire arbeidsplassar for å kunne reparere ting og auka bruk av gjenbruk.
- Gjere det lettare å handle brukt
- Bruke lokale forbrenningsanlegg med god rensing av utslepp
- Reduserer matsvinn
- Redusere overforbruk av ressursar
- Slutte med olje
- Klima, miljø og berekraftsmål må bli ein større del av læreplanane i skulen
- Gjere det kult å forbruke mindre
- Nytte handlingsrommet i PBL for å sette krav om klimagassberekningar knytt til plan- og byggesaker – dette er eit utgreiingsbehov knytt til Klimakur 2030
- Legge til rette for at innbyggjarar kan dyrke andre verdiar, m.a. gjennom forsøk med 6-timersdag, då det er tett forhold mellom inntekt og fotavtrykk.

- Produkt og varer vi eig er meir miljøvenlege, lokalt produsert og varer lenger.
- Innbyggjarane er ikkje like knytt til materialistiske ting som ein var før.
- Kvalitet framfor kvantitet

- Betale meir for varige produkt

Sikre naturmangfald

- Slutte å hogge skog
- Ikkje overjakte dyr
- Mindre naturinngrep
- Auka bruk av birøkting
- Heimegrisar til å ete restavfall
- Halde fram med den gode forvaltninga vi har
- Ta vare på naturen, ikkje øydelegge den
- Gjenbruk av areal for å bli arealnøytrale
- Tydeleggjere og aktualisere omgrepet «arealnøytralitet».
- Opparbeide/tilgjengeleggjere datagrunnlag og verktøy for å halde oversikt, og avklare leveransebehov i t.d. plansaker.
- Bør sjå nærmare på dei langsiktige konsekvensane av at små og mellomstore gardsbruk ligg brakk i Vestland, både for naturmangfald, kulturlandskap og landbruk.

- Gjengroing er ein trussel mot naturmangfaldet.
- Fleire verneområde. Forplikte seg til å ta vere på arts- og naturmangfaldet gjennom krev til arealnøytralitet i kommunar.
 - Ferjefri E39 – vidare arbeid med prosjektet må vurdere alternativ som ikkje er så arealkrevjande og rører særmerka natur og lokal regnskog.
 - Bør oppdatere planverk knytt til småkraft for å vurdere konsekvensar.
 - Hyttebygging og fjellturisme/fjellandsbyar i Vestland har store konsekvensar, inkludert for villrein og villreinområde.
 - Total stopp av nedbygging av meir natur, og auka fokus på «rewilding».
 - Sikre skogsområde og myrer
 - Vindmøller til sjøs.
 - Ikkje nye hyttefelt.
 - Nytte seg av allereie brukte areal i staden for å ta i bruk nye områder.

Trygt og robust Vestland

- Sikre vegane for ras og andre skumle ting
- Handtere konsekvensane av naturkatastrofar som hender pga. klimaendringane
- Rassikring av vegar der folk bur
- Betre vegar
- Innandørs skianlegg
- God sosial infrastruktur er viktig for å takle samfunnsendringar godte – korleis kan ein best mogeleg investere

- i dette samstundes som ein gjer dei grepa som skal til for å balansere klimafotavtrykket? Dette er eit viktig element både med tanke på klimatilpassing og -omstilling, og er ein del av det å bli klimarobust.
- Nytte naturen sine flaumdempande eigenskapar og sjå kva flaumvatn kan skape av nye typar byrom og landskapselement.
 - Meir urban matproduksjon

- Grøne tak og veggar over hile fylket for å dempe konsekvensar av mykje nedbør og hetebølgjer.

Klimarettferd og folkehelse

- Tilskot til dei som ikkje har råd å gjennomføre klimatiltak.
- Hjelpede dei som treng ei omstilling
- Ikkje gjennomføre tiltak som går utover nokon grupper, og folk generelt
- Billegare straum
- Sikre nære og gode relasjonar til andre, ha nokon som bryr seg.
- Invitere til deltaking og medverknad
- Sikre at flest mogeleg får utdanning, læreplassar m.m.
- Strategi for klimamigrasjon både lokalt og globalt.
- Noreg må tørre å kutte utslepp, fotavtrykk, vekst og naturinngrep for å gi rom til at lang sør for Sahara (m.a.) kan få nå det verdssamfunnet ser som eit akseptabelt liv.
- Følgje opp Friluftslivsmeldinga med midlar og auke kartlegging av friluftslivet.
- Auka bruk av sykkel og gange gir folkehelsegevinst
- Lufta er friskare og det å vere nær naturen er betre for folkehelsa.
- Kompensere for auka prisar for dei som har dårleg råd.
- Gratis bruk av kollektiv finansiert av skatt

4) Evaluering

- Flott måte å få innspel frå fleire folk
- Fin måte å inkludere andre.
- Ein bakdel er at det er dei som er engasjert i tematikken frå før som engasjerer seg i gjestebod.
- Vanskeleg å engasjere den uengasjerte.
- Det er fint å gjere seg nytte av ulike måtar å få til medverknad på.
- Det har vore veldig nyttig og hyggeleg å vere med. Er det mogeleg å arrangere nyte gjestebod?
- Dette blei veldig kjekt. Ein hyggeleg biltur som fekk i gang gode tankar og diskusjonar. Inkludert kva vi kan gjere sjølve og kor vårt eige ansvar ligg.

